

Fra: Tore Johan Erstad
Sendt: 22. januar 2015 14:07
Til: 'rune.underland@geitanger-bygg.no'
Kopi: 'pkran@statoil.com'
Emne: Innkalling til førehandskonferanse om planlagde byggetiltak på gbnr 36/18
Vedlegg: SJEKKLISTE OG REFERAT FORHÅNDSKONFERANSE BYGGESAK.PDF

Under tilvising til dykker e-post av 18. dm. vert du/dykk med dette innkalla til førehandskonferanse ved Meland Rådhus onsdag 4. februar kl. 13.00. Dersom du/dykk ikkje har høve til å stille, ber eg om at du kontaktar meg for avtale om nytt møtetidspunkt.

Av ovannemnde e-post går det fram at du ynskjer nærmare avklaringar tilknytt følgjande byggetiltak:

1. Søknad om tilkopling til offentlig vatn- og avlaupsnett for gbnr. 36/18.
2. Søknad om tilbygg og fasadeendring på eksisterande hytte på gbnr 36/18.

Føremålet med ei førehandskonferanse etter plan- og bygningslova § 21-1 er å avklare dei offentleg-rettslege føresetnadane for tiltaket og rammene for den vidare handsaminga. Det er derfor viktig at både kommunen og du som tiltakshavar er tilstrekkelig førebudd innan konferansen vert halde. Eg vil difor rá til at du les gjennom vedlagte sjekkliste, då denne lista omfattar dei fleste momenta som det normalt er føremålstenleg å få avklart i samband med ein førehandskonferanse.

Når det gjeld tilkopling til offentleg avlaupsnett, vert det opplyst frå kommunen at det ikkje går kommunale leidningar i kort avstand frå eigedomen. Kommunen ber om nærmare opplysningar om på kva for måte du/dykk har tenkt at dette skal løysast.

Med venleg helsing
Tore Johan Erstad
Konsulent, byggesak
E-post: Tore.Johan.Erstad@meland.kommune.no